



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Meld. St. 23

(2014–2015)

Melding til Stortinget

Årsmelding 2014 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 17. april 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Lov 16. desember 2011 nr. 60 om pensjonsordning for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer (stortings- og regjeringspensjonsloven) blei sett i kraft 1. januar 2012. Frå same tidspunkt blei desse lovene oppheva: lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder og lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentantar.

Stortings- og regjeringspensjonsloven § 8-1 lyder slik:

«Pensjonsordningen administreres av Statens pensjonskasse. Pensjonskassen skal senest seks måneder etter at regnskapsåret er avsluttet, utarbeide en beretning om virksomheten i siste regnskapsår. Beretningen utarbeides for departementet og forelegges Stortinget.»

I samsvar med denne føresegna legg Arbeids- og sosialdepartementet fram ei melding om utviklinga i pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer i 2014. Meldinga inneheld ei oversikt over dei viktigaste ytingane i pensjonsordninga etter nye og gamle oppteningsreglar og ei oversikt over utviklinga i ordninga i 2014.

2 Om pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer

Dei tidlegare pensjonsordningane for stortingsrepresentantar og statsråder blei 1. januar 2012 erstatta av ei pensjonsordning. Alderspensjonen i den noverande pensjonsordninga er basert på dei same prinsippa som ny alderspensjon i folketrygda, og pensjonen blir gitt som eit direkte tillegg til alderspensjonen frå folketrygda.

Dette inneber mellom anna at alderspensjonen er endra frå ei bruttoordning basert på sluttlønn til ei nettoordning basert på opptening i alle år som stortingsrepresentant og regjeringsmedlem. Hovudtrekka i den noverande pensjonsordninga er forklarte i punkt 2.1. Rettar som er tente opp i dei to tidlegare pensjonsordningane er videreførte i den nye loven. Hovedtrekka i desse ordningane er forklarte i punkt 2.2 og punkt 2.3.

2.1 Hovudtrekka i pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer

- Alderspensjonen blir opptent ved at personane kvart år byggjer seg opp pensjonsrettar i form av ei pensjonsbeholdning. Oppteninga er ein fastsett prosentdel av godtgjersla til stortingsrepresentanten eller regjeringsmedlemen.

Oppteninga utgjer 6,03 prosent av godtgjersla opp til 7,1 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G) og 24,13 prosent av godtgjersla mellom 7,1 G og 12 G (G per 1. mai 2014 = kr. 88 370). Pensjonsbeholdninga blir regulert med lønnsvekst fram til alderspensjonen blir teken ut.

- Den årlege alderspensjonen blir rekna ut ved å dele den opparbeidde pensjonsbeholdninga på eit delingstal. Delingstalet reflekterer forventta attståande levetid på det tidspunktet ein tek ut pensjonen. Delingstala er utforma slik at pensjonen blir levealdersjustert på same måte som i folketrygda.
- Alderspensjonen kan tidlegast takast ut fleksibelt frå 62 år, i hovudsaka etter dei same prinsippa som i folketrygda. Dersom pensjonen ikkje er teken ut innan vedkomande fyller 75 år, skal pensjonen uansett betalast ut frå og med månaden etter fylte 75 år. Arbeid og pensjon kan kombinerast utan at pensjonen blir avkorta.
- Opptente rettar før utbetaling blir regulerte årleg i samsvar med lønnsveksten. Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsveksten, og deretter trekkjer ein frå 0,75 prosent. Det vil seie at ein følgjer dei same prinsippa for regulering som i folketrygda.
- Pensjon som er opptent etter dei nye reglane, skal ikkje samordnast med andre pensjonsyttingar.
- Det er gitt overgangsreglar som sikrar rettar som er opptente etter den tidlegare pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og den tidlegare pensjonsordninga for statsrådar. For dei som har opptening etter både gamal og noverande pensjonsordning, er det gitt reglar om at samla pensjon ikkje skal overstige ein utrekna maksimal pensjon. Stortingsrepresentantar som ikkje hadde opptent rett til pensjon før 1. oktober 2009, og regjeringsmedlemer som ikkje hadde opptent rett til pensjon før 1. januar 2012, får opptening etter den noverande ordninga frå 1. oktober 2009. Dei noverande reglane fekk verknad for andre medlemer frå 1. januar 2012.
- Uføre- og etterlatnepensjon blir i hovudsaka gitt etter reglane i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse.

2.2 Hovudtrekka i den tidlegare pensjonsordninga for stortingsrepresentantar

- Personar som hadde rettar i den tidlegare ordninga for stortingsrepresentantar, får rettane videreførte i eit kapittel i den nye lova.

- Alderspensjonen er ein bruttopensjon som blir samordna med andre pensjonsyttingar etter samordningslova.
- Full alderspensjon blir gitt etter 12 års oppteningstid og utgjer 66 prosent av pensjonsgrunnlaget. Dersom oppteningstida er kortare, blir pensjonen redusert i samsvar med dette. Pensjonsgrunnlaget er basert på tidlegare årleg bruttogodtgjersle for stortingsrepresentantar.
- Pensjonsalderen er 65 år. Ein kan få alderspensjon tidlegare når summen av alder og oppteningstid i den tidlegare ordninga er minst 75 år (75-årsregelen). Dette gjeld likevel ikkje dersom vedkomande har eller får inntekt som overstig ei inntektsgrense.
- Alderspensjon kan ikkje ytast så lenge vedkomande er medlem av regjeringa eller Stortinget. Det same gjeld den som er tilsett i statleg eller kommunal teneste i minst 80 prosent stilling eller har minst 80 prosent stilling som kommunalt ombod.
- Alderspensjon som stortingsrepresentantar har rett til mellom 65 og 67 år, kan tidlegast takast ut frå 62 år. Summen av alderspensjon for perioden 65–67 år blir fordelt på perioden frå pensjonen blir teken ut til 67 år. Alderspensjon som blir teken ut etter denne føresegna, kan ikkje takast ut samtidig med alderspensjon etter 75-årsregelen.
- Alderspensjon blir levealdersjustert frå fylte 67 år for personar som er fødte i 1943 eller seinare.
- Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsveksten, og deretter trekkjer ein frå 0,75 prosent. Fram til pensjonen blir teken ut blir pensjonsgrunnlaget regulert årleg i samsvar med lønnsveksten.

2.3 Hovudtrekka i den tidlegare pensjonsordninga for statsrådar

- Også rettane i den tidlegare pensjonsordninga for statsrådar er vidareførte i den nye lova.
- Alderspensjonen er ein bruttopensjon som blir samordna med andre pensjonsyttingar etter samordningslova.
- tre års tenestetid gir årleg ein alderspensjon på 42 prosent av pensjonsgrunnlaget. For kvart tenesteår frå tre til og med seks år blir satsen auka med fem prosent. Full pensjon etter seks tenesteår utgjer då 57 prosent av pensjonsgrunnlaget. Pensjonsgrunnlaget er basert på tidlegare årleg bruttogodtgjersle for statsrådar.

- Pensjonsalderen er 65 år. Alderspensjonen eit regjeringsmedlem har rett til mellom 65 og 67 år, kan tidlegast takast ut frå 62 år. Summen av alderspensjon for perioden 65–67 år blir fordelt på perioden frå pensjonen blir teken ut til 67 år. Alderspensjon som blir teken ut etter denne føresegna, kan ikkje takast ut samtidig med alderspensjon etter 75-årsregelen for stortingsrepresentantar.
- Alderspensjon kan ikkje ytast så lenge vedkomande er medlem av regjeringa eller Stortinget. Det same gjeld den som er tilsett i statleg eller kommunal teneste i minst 80 prosent stilling eller har minst 80 prosent stilling som kommunalt ombod.
- Alderspensjon blir levealdersjustert frå fylte 67 år for personar som er fødte i 1943 eller seinare.
- Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsveksten, og deretter trekjer ein frå 0,75 prosent. Fram til pensjonen blir teken ut blir pensjonsgrunnlaget regulert årleg i samsvar med lønnsveksten.

3 Utviklinga i 2014 for pensjonar opptjente som stortingsrepresentantar

Totalt 386 personar fekk ved utgangen av 2014 pensjon på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som stortingsrepresentant (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon).

3.1 Alderspensjon

Ved inngangen til 2014 var det 245 alderspensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore ein avgang på 23 personar og ein tilgang på 35 personar. Per 31. desember 2014 var talet på alderspensjonistar 257 personar. I føregåande stortingsmelding blei det rapportert at talet på alderspensjonistar per 31. desember 2013 utgjorde 242 personar. Avviket skuldast at enkelte pensjonar er innvilga med verknad tilbake i tid. Tala i årsmeldinga for 2014 kan derfor ikkje direkte jamnførast med tilsvarende tal i årsmeldinga for 2013.

Gjennomsnittleg månadleg utbetaling for alderspensjon var 14 560 kroner. Kvinner tok imot 16 020 kroner, mens menn tok imot 13 830 kroner.

I 2014 tok 35 personar ut alderspensjon i ordninga for første gong. Av desse var sju kvinner og 28 menn. Gjennomsnittleg uttaksalder var 66,8 år for kvinner og 66,2 år for menn. Samla sett var den gjennomsnittlege uttaksalderen 66,3 år.

Gjennomsnittleg uttaksalder for stortingsrepresentantar varierer frå år til år, sidan talet på uttak er svært lågt. Det var stortingsval i 2013, noko som truleg er årsaka til at såpass mange tok ut alderspensjon i 2013 og 2014.

Gjennomsnittsalderen for alle alderspensjonistar i ordninga var 73,9 år for kvinner og 75,2 år for menn. Samla sett var gjennomsnittsalderen 74,7 år.

3.2 Uførepensjon

Ved inngangen til 2014 var det sju uførepensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore ein avgang på fire personar. Ein person har fått innvilga uførepensjon med tilbakevirkande kraft. Per 31. desember 2014 var talet på uførepensjonistar fire personar.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2014.

Gjennomsnittleg månadleg utbetaling for uførepensjon var 18 720 kroner, og gjennomsnittsalderen for uførepensjonistane var 62,3 år.

3.3 Etterlatnepensjon (ektefelle- og barnepensjon)

Ved inngangen til 2014 var det 121 ektefellepensjonistar i ordninga. I løpet av året var det fem avgangar og fem tilgangar. I tillegg har ein person i løpet av året fått innvilga ektefellepensjon med verknad tilbake i tid. Per 31. desember 2014 var talet på ektefellepensjonistar 122 personar.

Gjennomsnittleg månadleg utbetaling for ektefellepensjon var 9 620 kroner. Kvinner tok imot 8 560 kroner, mens menn tok imot 10 690 kroner.

I 2014 blei fem personar innvilga ektefellepensjon. Alle var kvinner, og gjennomsnittsalderen deira var 77,6 år. Gjennomsnittsalderen for alle ektefellepensjonistar i ordninga var 81,7 år for kvinner og 81,3 år for menn. Samla sett var gjennomsnittsalderen 81,7 år.

Ved inngangen til 2014 tok tre personar imot barnepensjon. Det har ikkje vore nokon tilgang eller avgang av personar med barnepensjon i 2014. Gjennomsnittleg månadleg utbetaling for barnepensjon utgjorde 10 450 kroner.

3.4 Rekneskap for 2014

Pensjonane blir dekte over kapittel 41 «Stortinget». I statsrekneskapen blei det utgiftsført 67 445 351 kroner til pensjonar og 1 588 755 kroner til administrasjonskostnader.

4 Utviklinga i 2014 for pensjonar opptjente som regjeringsmedlemer

Ved utgangen av 2014 fekk totalt 101 personar ein pensjon frå pensjonsordninga på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som regjeringsmedlem (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon).

4.1 Alderspensjon

Ved inngangen til 2014 var det 67 alderspensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore ein avgang på fire personar og ein tilgang på sju personar. Per 31. desember 2014 var talet på alderspensjonistar 70 personar. I føregåande stortingsmelding blei det rapportert at talet på alderspensjonistar per 31. desember 2013 utgjorde 65 personar. Avviket skuldast forseinka registrering av to medlemer som skulle vore med i talet for 2013. Tala i årsmeldinga for 2014 kan derfor ikkje direkte jamnførast med tilsvarande tal i årsmeldinga for 2013.

Gjennomsnittleg månadleg utbetaling for alderspensjon var 10 280 kroner. Kvinner tok imot 11 490 kroner, mens menn tok imot 9 720 kroner.

I 2014 tok sju personar ut alderspensjon i ordninga for første gong. Av desse var fire kvinner og tre menn. Gjennomsnittleg uttaksalder var 66 år for kvinner og 67,3 år for menn. Samla sett var den gjennomsnittlege uttaksalderen 66,6 år.

Gjennomsnittleg uttaksalder for statsrådene varierer frå år til år, sidan talet på uttak er svært lågt. Det var stortingsval i 2013, noko som truleg er årsaka til at såpass mange tok ut alderspensjon i løpet av 2013 og 2014.

Gjennomsnittsalderen for alle alderspensjonistar i ordninga var 72,8 år for kvinner og 78 år for menn. Samla sett var gjennomsnittsalderen 76,3 år.

4.2 Uførepensjon

Ved inngangen til 2014 var det to uførepensjonistar i ordninga. Det har ikkje vore nokon tilgang eller avgang av uførepensjonistar i 2014.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2014.

Gjennomsnittleg månadleg utbetaling for uførepensjon var 25 650 kroner, og gjennomsnittsalderen på uførepensjonistar var 53,9 år.

4.3 Etterlatnepensjon

Ved inngangen til 2014 var det 21 ektefellepensjonistar i ordninga. Det har ikkje vore nokon avgang, men ein tilgang på tre ektefellepensjonistar i løpet av 2014. Per 31. desember 2014 var talet på ektefellepensjonistar 24 personar. I føregåande stortingsmelding blei det rapportert at talet på ektefellepensjonistar per 31. desember 2013 utgjorde 19 personar. Avviket kjem av at enkelte pensjonar er innvilga med verknad tilbake i tid. Tala i årsmeldinga for 2014 kan derfor ikkje direkte jamnførast med tilsvarande tal i årsmeldinga for 2013.

Gjennomsnittleg månadleg utbetaling for ektefellepensjonar var 8 660 kroner. Gjennomsnittsalderen for alle ektefellepensjonistar i ordninga var 80,7 år for kvinner og 62 år for menn. Samla sett var gjennomsnittsalderen 79,8 år.

Ved inngangen til 2014 tok tre personar imot barnepensjon. Det har ikkje vore nokon tilgang eller avgang av personar med barnepensjon i 2014. Gjennomsnittleg månadleg utbetaling for barnepensjon var 5 015 kroner.

4.4 Rekneskap for 2014

Pensjonsordninga for regjeringsmedlemer blir løyvd under kapittel 612 «Tilskudd til Statens pensjonskasse». I statsrekneskapen blei det utgiftsført 13 040 739 kroner til pensjonar og 315 790 kroner til administrasjonskostnader.

5 Sentrale hendingar i 2014

- Ved lov 7. mars 2014 nr. 5 blei reglane om uførepensjon for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer endra med verknad frå 1. januar 2015 og tilpassa nye reglar som samstundes blei vedtekne for Statens pensjonskasse. Endringane inneber mellom anna at også uførepensjonen er lagt om til ei nettoyting. Pensjonen blir gitt som eit tillegg til uføretrygda frå folketrygda og skal ikkje samordnast med andre pensjonar og trygder. Det er òg gitt nye reglar om avkorting av uførepensjon mot arbeidsinntekt. Det blei vedteke at dei som hadde uførepensjonar under utbetaling skulle overførast til nytt regelverk frå 1. januar 2015. I samband med omlegginga av uførepensjonen blei det i 2014 sendt ut eit generelt informasjonsbrev til mottakarar av uførepensjon. Desse fekk òg brev med ei nærmare oriente-

ring om den nye ytinga før nye reglar tok til å gjelde.

- Det er utført inntektskontroll på alle som tek imot pensjon etter 75-årsregelen. Denne regelen gir moglegheit til å ta ut pensjon før 65 år for stortingsrepresentantar som har oppteningstid i den tidlegare pensjonsordninga for stortingsrepresentantar. Brev om dette blei sende ut i byrjinga av 2014 og gjaldt kontroll for inntektsåret 2012. Alle som blei kontrollert var innanfor gjeldande inntektsgrense.
- I 2014 blei det sendt informasjonsbrev til alle som blei melde inn og ut av pensjonsordninga etter valet i 2013.
- Alle som er fødte før 1949, og som kan ha opparbeidd seg ein oppsett rett til pensjon frå pen-

sjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer, fekk brev med informasjon om mogleg pensjonsrett.

- Det blei og laga eit nytt søknadsskjema for dei som skal søkje om pensjon frå pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 17. april 2015 om Årsmelding 2014 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer blir send Stortinget.
